

Møte torsdag den 2. oktober kl. 13.

President: G u t t o r m H a n s e n.

Åpning av det 120. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 120. ordentlige Storting ved dets åpning: Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Mange industrialiserte land er i dag rammet av økonomisk nedgang og stor arbeidsløshet. Regjeringen vil motvirke en slik utvikling i vårt land. I samarbeid med Stortinget vil Regjeringen føre en politikk som sikrer arbeidsplasser og medvirker til større økonomisk og sosial trygghet i alle deler av landet.

Regjeringen har utarbeidet en beredskapsplan mot arbeidsløshet og vil legge fram de nødvendige forslag for Stortinget. Den vil følge utviklingen på arbeidsmarkedet nøye og legge fram ytterligere forslag for å motvirke arbeidsløshet om det blir nødvendig.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i utenriks- og sikkerhetspolitikken, basert på et gjensidig forpliktende mellomfolkelig samarbeid.

Norge vil fortsatt arbeide for å styrke De Forente Nasjoner og for alle lands rett til å delta i organisasjonen.

Gjennom medlemskapet i NATO vil Norge medvirke til økt sikkerhet og fortsatt avspenning. Resultatene fra Konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa må følges opp. Arbeidet for gjensidige reduksjoner av militære styrker i Europa og andre tiltak for nedrustning og rustningskontroll vil bli ført videre.

Norge vil arbeide for en styrking av samarbeidet i Norden, i Vest-Europa og mellom landene i Vest-Europa og Nord-Amerika. Forbindelsene med Sovjetunionen og de andre øst-europeiske land vil bli utbygd.

Norge vil støtte de folk som ennå lever i ufrihet i deres kamp for menneskerett og uavhengighet.

Samarbeidet med utviklingslandene vil bli utbygd i samsvar med Stortingets retningslinjer. Regjeringen vil delta i arbeidet for en ny og mer rettferdig internasjonal økonomisk ordening.

I den aktuelle internasjonale konjunktursituasjon vil Norge legge særlig vekt på arbeidet for å øke verdenshandelen og motvirke ensidige nasjonale beskyttelsestiltak.

Regjeringen vil fortsette sitt arbeid for en rimelig øking i realinntektene for de store grupper i samfunnet. Gjennom en aktiv inntektspolitikk og i nært samarbeid med arbeidslivets organisasjoner vil Regjeringen legge stor vekt på å begrense stigningen i priser og kostnader. Arbeidet for bedring av skattesystemet fortsetter.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for å forenkle og forbedre den offentlige administrasjon.

Dagspressens stilling i vårt samfunn vil bli behandlet i en melding.

Regjeringen vil legge fram forslag om statens deltakelse i raffinering og distribusjon av oljeprodukter. Stortinget vil bli forelagt spørsmål om virksomheten på kontinentalsokkelen i området nord for den 62. breddegrad.

Det vil bli lagt fram en melding om kulldriften på Svalbard. Behovet for kraft i den kraftkrevende industri vil bli drøftet i en melding.

Regjeringen vil legge fram en melding om den framtidige jordbrukspolitikk.

Gjennom forhandlinger søker Regjeringen å oppnå en snarlig utvidelse av fiskerigrensen, med gjennomføring av 200 miles økonomisk sone. I arbeidet med å nå fram til en tilfredsstillende havrettstraktat bygges det videre på de resultater som er nådd under FN-konferansen om havets folkerett. Regjeringen holder samtidig muligheten åpen for iverksetting av andre tiltak som beskytter fiskerne, ressursene og norske fiskeriinteresser.

Regjeringen vil støtte videre utvikling av fangst og produksjon i fiskerinæringen, utvikling av nye fiskeprodukter og bedre utnyttning av råstoffet. Den vil arbeide for samordning og bedre samfunnsmessig styring av eksporten av fisk og fiskeprodukter. Innsatsen i fiskeriforskningen vil bli økt.

Spørsmålet om oppsynet med fiskeri- og petroleumsvirksomheten vil bli lagt fram for Stortinget.

Regjeringen vil legge fram forslag om endringer i lov om erstatning for naturskader.

Regjeringen vil videreføre en aktiv distriktsutbyggingspolitikk. Den permanente lokaliseringslov som er foreslått, vil gi bedre muligheter til å påvirke lokaliseringen av arbeidsplasser.

Arbeidet med reformer i lokalforvaltningen vil bli ført videre. Det vil bli lagt fram en melding om overføring av arbeidsoppgaver og delegering av myndighet til fylkene innen samferdselssektoren og forslag om lov om inter-

kommunalt samarbeid. Stortinget vil få seg forelagt forslag om å sikre fylkeskommunenes økonomi.

Boligbyggingen vil bli holdt på et høyt nivå. Etter at Stortinget har behandlet boligmeldingen vil Regjeringen fremme forslag om nye boligpolitiske tiltak.

Regjeringen vil legge økt vekt på utbedring av den eldre boligmasse og bedring av bomiljøet.

Stortinget vil få seg forelagt forslag om lov om arbeidervern og arbeidsmiljø. Arbeidstilsynet og instituttene for arbeidsforskning vil bli foreslått styrket.

Regjeringen vil fremme forslag om å redusere den alminnelige arbeidstid fra 42 1/2 til 40 timer i uken. For arbeidere med helkontinuerlig skiftarbeid og for andre spesielle grupper vil det bli foreslått 36 timer, og for døgnkontinuerlig skiftarbeid 38 timer i uken.

Regjeringen vil legge fram en melding om de ansattes medbestemmelse i offentlig virksomhet.

Regjeringen vil øke innsatsen for å sikre gode arbeidsplasser for arbeidstakere med nedsatt funksjonsevne.

Stortinget vil bli forelagt en melding om folketrygden. Grunnbeløpet og særtillegget i folketrygden vil bli foreslått øket. Det vil bli fremmet forslag om økte pensjonsrettigheter for funksjonshemmede som ikke har hatt mulighet for å opparbeide rett til tilleggspensjon. Det vil bli lagt fram meldinger om endringer i bestemmelsene om samordning av pensjoner og trygder og om stønad til enslige forsørgere. Forslag om endring av sykelønnsordningen vil bli lagt fram.

Utvidet ferie for arbeidstakere over 60 år vil bli foreslått.

Regjeringen vil legge fram en melding om kriminalpolitikk og foreslå en ordning med statlig erstatning til ofre for voldsforbrytelser.

Det nye lovverk for grunnskolen og for den videregående opplæring vil bli satt ut i livet. I alle regioner vil det bli opprettet styringsorganer for distriktshøgskolene.

Forslag om lov om voksenopplæring vil bli forelagt Stortinget.

Regjeringen vil legge fram forslag om opprettelse av en institusjon for fjernundervisning. Utdanningstilbudet for den samiske befolkning vil bli utbygd.

Regjeringen vil fremme forslag om å nedsette vernepliktalderen til 19 år.

Norge vil arbeide videre for å styrke det internasjonale samarbeid om miljøvern og ressurser, med særlig vekt på problemene med sur nedbør og havforurensninger. Regjeringen vil fremme forslag om tiltak mot forurens-

ninger og mot støy. Arbeidet med å redusere vannforurensningene vil bli intensivert på grunnlag av en landsplan. Kontrollen med produkter som er farlige for helse og miljø vil bli styrket.

Det vil bli lagt fram forslag om ny lov om vern av kulturminner og om lov om regulering av motorisert ferdsel i utmark og vassdrag.

Forslag om ny lov om samferdsel vil bli lagt fram. Meldinger om motorvognavgifter, personbilens rolle i samfunnet og om støtteordninger i norsk samferdsel vil bli fremmet.

Regjeringen vil fremme en melding om arbeidet med trafikksikkerheten.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 120. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding,

lesen av statsråd Gro Harlem Brundtland:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Gjennom FN, FN's særorganisasjonar og andre internasjonale organisasjonar har Noreg gått inn for å utvikle vidare det mellomfolkelege samarbeidet for å fremje avspenning og fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd og solidaritet.

Noreg har teke del i FN's 7. ekstraordinære generalforsamling og der arbeidd for å leggje grunnlaget for å fordele inntekter og ressursar i verda meir rettferdig, og for å gjennomføre forbetringar i det økonomiske samkvem mellom landa med særleg sikte på å betre stillinga for utviklingslanda. Noreg har òg arbeidd for å styrkje FN's organisatoriske evne til å løyse dei mange nye problema i verdsamfunnet på det økonomiske og sosiale området.

Noreg har teke del i FN's internasjonale kvinneårskonferanse som vart halden i Mexico City i sommar, og som var med på å vedta ein handlingsplan som har til mål å fremje jamstilling mellom kvinner og menn, og få fleire kvinner med i arbeidet for å styrkje verdsfreden.

Gjennom FN og andre organ stør Noreg det internasjonale humanitære hjelpearbeidet i samband med nøds- og katastrofesituasjonar i ymse delar av verda. For å auke og effektivisere den norske humanitære hjelpa har Regjeringa skipa eit rådgivande katastrofeutval.

Noreg har godkjent Moçambique, São Tomé og Príncipe, Kapp Verde og Papua Ny Guinea som sjølvstendige statar, og har gått inn for løysingar for dei kolonionråda som er att, i

samsvar med prinsippet om sjølvrådet.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet i andre fasen av Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa, og skreiv saman med dei andre deltakarlanda under sluttakta frå konferansen under tredje fasen, som vart halden i Helsingfors i tida 30. juli—1. august.

Tingingane i Wien om gjensidige reduksjonar av militærstyrkane i Sentral-Europa er etter norsk syn eit viktig ledd i arbeidet med å føre avspenningsprosessen vidare i Europa. Ein har sett det som ei viktig oppgåve å ta del i tingingane, og såleis sikre at det blir teke omsyn til dei synspunkt og interesser som Noreg har som flankeland.

Gjennom FN, NATO og andre internasjonale fora har Noreg teke del i arbeidet for nedrustning og rustningskontroll. Noreg legg vekt på at USA og Sovjetunionen når fram til semje om vesentlege avgrensingar av dei strategiske våpensystema.

Frå norsk side ser ein det som særleg viktig å oppnå kontroll med kjernefysiske våpen. Noreg har derfor stødd arbeidet med å hindre spreiring av slike våpen og har gått inn for ein stans i alle kjernevåpenprøver. Noreg har òg lagt vekt på å få den fredelige utnyttinga av atomenergien under effektiv internasjonal kontroll for å hindre misbruk av spaltbart materiale til militære føremål. Noreg går vidare inn for at det må komme i stand ei avtale om forbod mot å utvikle, produsere og lagre kjemiske våpen.

Noreg har teke aktivt del i det politiske og militære samarbeidet innanfor NATO. Dette gjeld ikkje minst rådleggingane om at det atlantiske hopehavet og om kontaktane og samarbeidet mellom Aust og Vest. Regjeringa har lagt stor vekt på den samordnande rolla som alliansen spelar i denne samanhengen.

Regjeringa har både på tosidig og fleirsidig grunnlag arbeidd for å utbyggje tilhøva til dei vestlege landa, og har gått inn for å styrkje det europeiske og det atlantiske samarbeidet.

Samstundes som Noreg er aktivt med i dei fleirsidige drøftingane av Aust-Vest-spørsmåla, har Regjeringa arbeidd for å styrkje grannetilhøvet til Sovjetunionen og utvikle kontaktane med dei andre austeuropeiske landa. Det er halde regelbundne møte i dei blanda kommisjonane under gjeldande handelsavtaler og avtalene om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid.

Med Folkerepublikken Kina er det skipa ein blanda kommisjon. Kommisjonen heldt sitt første møte i Oslo i juni.

Noreg har arbeidd aktivt i FN og i Europarådet for å styrkje respekten for og gjennomføringa av menneskerettane i alle delar av verda. Andre delen av diplomatkonferansen om

menneskerettane i væpna konflikter vart halden i Genève i februar—april. Til grunn for det norske synet ligg ynsket om at sivile, stridande og fangar på båe sider skal ha så stor og så lik folkerettsleg trygging som mogleg. Noreg legg særleg vekt på arbeidet med forbod mot eller restriksjonar på bruken av konvensjonelle våpen som valdar unødige lidning eller råkar vilkårleg.

Noreg har teke aktivt del i andre hovudsesjonen av FN's havrettskonferanse, som vart halden i Genève 17. mars—3. mai. Ein kom her fram til eit omfattande traktatutkast. Dette vil danne grunnlag for drøftingane på den tredje hovudsesjonen i New York i tida 29. mars—25. mai 1976. Grunntanken er prinsippet om at kyststaten har suverene rettar over naturressursane i ein sone på opptil 200 nautiske mil. Samtidig slår kapitlet om den økonomiske sonen fast at det innanfor sonen skal vere friedom for skipsfarten og fri rett til overflyging. I område utanfor den nasjonale jurisdiksjonen skal ei internasjonal styremakt forvalte ressursane på havbotnen. Framlegget til havrettstraktat gjeld òg spørsmål om sjøterritorium, kontinentalsokkel m. m. Det byggjer på at sjøterritoriet skal kunne strekkje seg ut til 12 nautiske mil frå kysten. Kontinentalsokkelen omfattar heile den naturlege vidareføring av landmassa, enda om sokkelen dermed rekk lenger ut enn 200-mils-grensa.

For å verne fisket med faststående reiskap har Regjeringa skipa trålfrie sonar utanfor kysten av Nord-Noreg, med verknad frå 31. januar 1975. Før denne ordninga kom i stand, førte Noreg tingingar med dei landa som hadde dei største fiskeriinteressene i områda.

Arbeidet med å utvide Noregs fiskerijurisdiksjon held fram. Det er kome i gang tingingar med dei andre landa som er føreset i regjeringsfråsegna frå 26. september 1974 om fiskerigrensepolitikken. Desse drøftingane blir førte med grunnlag i utviklinga mot 200 miles økonomiske sonar.

Tingingar om avgrensing mellom norsk og sovjetisk kontinentalsokkelområde i Barentshavet er komne i gang.

Samarbeidet med utviklingslanda er ført vidare og utbygd i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har godkjent.

Noreg ytte i 1974 i alt 745,5 mill. kroner til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid. Dette er ein auke på 221,8 mill. kroner eller 42 prosent i høve til 1973. Av brutto nasjonalproduktet var hjelpa 0,56 prosent i 1974 mot 0,45 prosent i 1973. Hjelpa fordelte seg med 56 prosent på tosidige og 44 på fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1973 var 48 mot 52 prosent.

Ein aukande del av norsk tosidig utviklings-

1975. 2. okt. — Åpning av det 120. ordentlige Storting

hjelp har i dei siste åra gått til programhjelp, dels i form av finansiell stønad til utviklingsprogram og finansieringsinstitusjonar, dels i form av varehjelp. Tradisjonell prosjekthjelp og faglege hjelpetiltak har utgjort ein stadig minkande del.

For å lette gjennomføringa av hjelpa til utviklingslanda blir det gjort rammeavtaler mellom Noreg og dei statane vi har eit særleg omfattande samarbeid med. I første halvdel av 1975 er det gjort avtaler med Kenya og Tanzania om økonomisk og sosialt samarbeid, og ei avtale med Cuba om vitskapleg og fagleg samarbeid. Det er vidare gjort avtaler om norsk finansiell og fagleg hjelp til ulike prosjekt og program, så som vassforsyning i Kenya, ein husbank i Tanzania, eit vegprosjekt og husbygging i Botswana og familieplanlegging i India.

Utanom dei 7 hovudsamarbeidslanda i Afrika og Asia er det kome i stand prosjektavtaler med Cuba om finansiell og fagleg hjelp til hamneutbygging. Til dei tidlegare portugisiske koloniane Guinea-Bissau og Moçambique er det ytt varehjelp, og ein tek sikte på å føre vidare den norske hjelpa til oppattbygging og utvikling av desse landa. Til Vietnam er det gitt omfattande hjelp, både til fiskeriutvikling i nord og til humanitært hjelpearbeid og attreisning i sør.

I internasjonale organisasjonar har Noreg lagt vekt på å arbeide for dei retningslinjer som er framlagde i Stortingsmelding nr. 29 (1971–72), Stortingsmelding nr. 94 (1974–75) og i handlingsprogrammet for FN's andre utviklingsår. Hovudmottakarane av norsk fleirsidig hjelp var i 1974 som før om åra FN's utviklingsprogram og Det internasjonale utviklingsfondet. Desse organisasjonane fekk om lag halvparten av den fleirsidige hjelpa i 1974. Andre viktige mottakarar var Verdas matvareprogram, FAOs kunstgjødselsentral, FN's internasjonale barnefond, FN's befolkningsfond og Den internasjonale føderasjonen for familieplanlegging.

Regjeringa har arbeidd for å få oppslutning om FN's spesialfond til hjelp til dei landa som er hardest råka av økonomiske kriser o.l. Under føresetnad av samtykke frå Stortinget har Regjeringa gitt tilsegn om eit tilskott dersom fondet får turvande stønad frå andre land.

Noreg tok del i Verdas matvarekonferanse i november i fjor, og var med på å vedta ein handlingsplan for å auke matvareproduksjonen og fremje ernæringa i verda. Konferansen vedtok òg å skipe eit internasjonalt fond for jordbruksutvikling. Under føresetnad av samtykke frå Stortinget har Regjeringa gitt tilsegn om eit tilskott til fondet dersom det får

turvande oppslutning frå andre land, og om retningslinjene for tiltaka blir tilfredsstillande. Til bruk for Verdas matvareprogram i samband med katastrofe- og nødhjelpssituasjonar har Regjeringa med samtykke frå Stortinget stilt 10 000 tonn kveite til rådvelde som gæve.

Regjeringa tok i mars del i den andre verdenskonferansen i FN's organisasjon for industriell utvikling. Konferansen vedtok ei prinsippfråsegn og eit handlingsprogram for å fremje industrialisering av utviklingslanda.

I gjennomføringa av avtala mellom Noreg og Det europeiske økonomiske fellesskapet er dei gjensidige tollreduksjonene pr. 1. januar komne opp i 60 prosent for hovudtyngda av industrivarer. Dei gjensidige tollreduksjonane for varer under avtala med Det europeiske kol- og stålfellesskapet har same omfang. Sjelve avtala tok først til å gjelde 1. januar. Slik var det òg med prisreglane i avtala.

Det nære samarbeidet mellom EFTA-landa held fram. Medlemslanda har drøfta om det er mogleg å gjere bruk av EFTA til konsultasjonar om økonomiske problem av sams interesse, særleg slike som heng i hop med det arbeidet EFTA-landa gjer i andre internasjonale fora for økonomisk samarbeid. Dei er samde om at ein på pragmatisk vis skal vurdere framlegg til nye samarbeidsområde etter kvart som dei blir framlagde og at det krevst samrøystes vedtak.

Samarbeidet mellom dei nordiske landa er ført vidare. Arbeidet er kome inn i fastare former etter at det vart skipa eit fast sekretariat i Oslo for Nordisk ministerråd. Dermed er det blitt lettare å sikre ei rask gjennomføring av det nordiske handlingsprogrammet.

Noreg har søkt å fremje ei demokratisk utvikling i Portugal ved å styrkje det tosidige økonomiske samarbeidet. Til no har den norske økonomiske hjelpa til Portugal i første rekkje hatt tilknytning til fiskerisektoren. Regjeringa vurderer no andre moglege hjelpetiltak, til dømes i skogbruk og jordbruk, industriell utvikling og oljeverksemd, utdanning og miljøvern. Vidare tek Noreg del i planlegginga av ymse hjelpeprogram til stønad for Portugal innanfor ramma av m. a. Europarådet, OECD og EFTA. Såleis er det planar i EFTA om å etablere eit industrielt utviklingsfond til hjelp for Portugal.

Dei fleirsidige tingingane i GATT om nedbygging av toll og andre handelshindringar vart formelt opna i Tokyo i 1973, men reelle tingingar kom først i gang i år. Tingingane har til mål å gjennomføre ei monaleg liberalisering av verdshandelen og samstundes forbetre det internasjonale regelverket for handelen. Det skal gjerast særskilde tiltak til bate for utanrikshandelen til utviklingslanda.

Noreg tek aktivt del i arbeidet i Det inter-

nasjonale valutafondet med sikte på reform av det internasjonale valutasyttemet.

Etter tingingar med Det internasjonale energibyrådet (IEA) vart det gjort ei særleg avtale mellom Noreg og IEA når det gjeld norsk deltaking i arbeidet i byrådet. Avtala vart underskriven 7. februar, og Noreg ratifiserte avtala den 2. mai.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale skipsfartssamarbeidet innanfor ramma av m. a. OECD, UNCTAD og IMCO. Frå norsk side har ein vore særleg oppteken av arbeidet med å hindre flaggdiskriminerande tiltak frå dei store handelsnasjonane.

Dei vanskelege internasjonale økonomiske tilhøva har auka trongen for samarbeid mellom industrilanda i OECD. Noreg tek aktivt del i dette samarbeidet, som omfattar drøfting av sentrale økonomiske problem i medlemslanda og av tiltak som kan betre situasjonen. Noreg har slutta seg til det finansielle støttefondet for medlemslanda og til OECD-fråsegna om å unngå restriktive handelspolitiske tiltak.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å byggje ut internasjonale samarbeidstiltak med luftureining, havureining og spreining av giftige kjemikaliar. Etter norsk initiativ vedtok FN's økonomiske kommisjon for Europa ei tilråding om å etablere overvåkingsprogram for luftureining i Europa. Eit ekspertmøte om saka er halde i Oslo.

Forsvaret arbeider etter dei hovudretningslinjer som er fastlagde for perioden 1974—78. Forsvarskommisjonen av 1974 held fram med arbeidet sitt i samsvar med arbeidsplanen. Med det mål å fremje og styrkje ei betre og trivelegare teneste er det sendt ut retningslinjer for innhaldet av tenesta. Det blir arbeidd med å gjennomføre den avtala Noreg har med andre land om å kjøpe jagarfly; det gjeld òg industrielt samarbeid.

Arbeidet med å styrkje politiet har vore intensivert med sikte på å betre tilhøva når det gjeld lokale, utstyr og bemanning. Både når det gjeld personale og organisasjon har ein søkt å styrkje den sentrale politileiinga ved å omorganisere og utvide politiavdelinga i Justisdepartementet.

Folkemengda var 4 015 000 pr. 1. oktober 1975, dvs. 0,5 prosent større enn på same tid i fjor.

På arbeidsmarknaden var det i dei første åtte månadene av året ei gradvis konjunkturbestemt avslapping, og ved arbeidskontora vart det registrert høgre arbeidsløyse i sommarmånadene enn nokon gong tidlegare etter krigen. I månadene januar—august var det gjennomsnittleg 16 500 registrerte arbeidslause, eller 6500 fleire enn i same tidsrom i 1974. Ved arbeidskontora vart det i

månadene januar—juli registrert ein tilgang på 137 100 ledige plassar, mot 162 900 i januar—juli i fjor. Ved utgangen av august vart det registrert 11 800 fleire arbeidslause enn det var ledige plassar, medan det i august 1974 var 1 600 fleire ledige plassar enn det var arbeidslause.

Talet på driftsinnskrenkingar registrerte i Arbeidsdirektoratet var i perioden januar—august uvanleg høgt. I dei første åtte månadene vart 406 verksemder og 21 300 personar råka av driftsinnskrenkingar, mot 109 verksemder og 4 130 personar i same periode i fjor. Det meste av auken kom av auka omfang av permisjonar og innskrenkingar i arbeidstida.

Frå 1. februar vart det sett i verk ein mellombels innvandringsstopp på eitt år med høve til dispensasjon. Føremålet var å betre vilkåra for dei innvandrarane som bur her i landet, og å leggje tilhøva betre til rette for framtidige innvandrarar. Det er sett i gang arbeid på ei rekkje område etter dei retningslinjer som vart drengte opp i stortingsmeldinga om innvandringspolitikken.

I dei sju første månadene av 1975 fekk 4 000 utlendingar førstegongs arbeidsløye, av dei 3 400 frå 1. februar. Det ligg ikkje føre tilsvarande taloppgåve for 1974.

Staten overtok Arbeidstilsynet på det lokale plan i Nord- og Sør-Trøndelag med verknad frå 1. juli.

Reglane i aksjelova om representasjonsrett for dei tilsette i styringsorgana i aksjeselskapa vart gjorde gjeldande frå 1. januar for dregne opp i stortingsmeldinga om innvandring og restaurantdrift.

Ein reknar med at samla produksjon av varer og tenester vil auke med 5,1 prosent frå 1974 til 1975. Dette er ei monaleg sterkare stigning enn året før, da produksjonen auka med 3,7 prosent. Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m. m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med 2,8 prosent, eller noko mindre enn frå 1973 til 1974. Ein reknar med at utvinninga av råolje i Nordsjøen i 1975 vil bli 5—6 gonger høgre enn i 1974.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei åtte første månadene av 1975 var 28,5 milliardar kroner, eller om lag 1,5 milliardar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 19,7 milliardar kroner, eller om lag som i januar—august 1974. Verdien av ei produksjonsplattform som vart utført i juli, og to plattformer utførte i august til den britiske kontinentalsokkelen, er ikkje med i dette talet.

Utanom skip minka innførsla med 1,0 pro-

sent i volum, samstundes som utførslevolumet minka med 15,4 prosent frå januar—juni i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same perioden opp med 9,1 prosent. For utførte varer steig prisane med 21,5 prosent.

I dei sju første månadene av året var nettofraktene av norske skip i utanriksfart 1 850 mill. kroner mindre enn i same perioden i fjor. Det var i januar—juli i år eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 8 395 mill. kroner, mot 2 365 mill. kroner i dei sju første månadene av 1974. Underskottet på driftsrekneskapen i januar—juli 1975 vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 7 589 mill. kroner og ein netto inngang av kortsiktig kapital på 806 mill. kroner.

For jordbruket var vekstvilkårå som-maren 1975 svært skiftande. Sør- og Austlandet fekk stor tørkeskade, medan veksten i Nord-Noreg vart redusert på grunn av kaldt og vått ver. Alt i alt reknar ein med under middels avlingar i jord- og hagebruk. For husdyrprodukta reknar ein med om lag uendra mjølkeproduksjon, og truleg ein viss auke i slaktetilgangen i høve til 1974.

I skogbruket vart det avverka 8,8 mill. m³ til sal og industriell produksjon i driftsåret 1973—74. I tillegg vart det avverka 0,8 mill. m³ trevyrke til bruk på gardane. Ein reknar med om lag same resultat for driftsåret 1974—75.

Utbytet av fisket var i 1. halvår om lag 1,1 mill. tonn, mot om lag 1,3 mill. tonn i same perioden i 1974. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 830 mill. kroner, som er om lag 400 mill. kroner mindre enn i same tidsrom i fjor. Nedgangen i fangstmengda kom først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit dårlegare utbytte enn i same perioden i 1974. Den sterke nedgangen i verdi kom òg av at førstehandsprisen til fiskar gjekk ned for dei fleste fiskesortane. Både skrei- og vartorskefisket gav noko mindre utbytte enn året før. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk sterkt ned, frå 1 717 mill. kroner i 1. halvår 1974 til 1 279 mill. kroner i 1. halvår 1975.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen (medrekna oljeutvinning) i dei sju første månadene om lag 2 prosent større enn i same perioden i 1974. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 69 prosent (medrekna oljeutvinning) og for industri ein nedgang på vel 1 prosent og for kraftforsyning ein auke på 2 prosent i høve til januar—juli i fjor.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1974 var eksportvareproduksjonen, konsumvareproduksjonen og produksjonen av varer til

bygg og anlegg om lag uendra. Produksjonen av vareinnsatsvarer elles gjekk ned 1 prosent, medan investeringsvareproduksjonen auka med 4 prosent.

Frå utgangen av juni 1974 til utgangen av juni 1975 auka lagra av eigne produkt i bergverk og industri med om lag 35 prosent og lagra av varer til eksport med 70 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1974 var 76,6 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1975 var produksjonen om lag 44,6 milliardar kWh, mot 43,8 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga er i haust betre enn på same tid i fjor.

Byggjeverksemda har hatt større omfang i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli—august var arealet under arbeid om lag like stort som året før. Areal som vart sett i arbeid i januar—juli, var 2 prosent mindre, medan areal som vart teke i bruk, var 13 prosent større enn i same perioden i 1974. I dei sju første månadene av 1975 vart det sett i arbeid 24 337 og fullført 23 416 bustader. Ved månadsskiftet juli—august var det i arbeid 39 326 bustader. Samanlikna med 1974 er dette ein auke på om lag 3 prosent for bustader sette i arbeid, 4 prosent for fullførte bustader og om lag 4 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein nedgang på om lag 12 prosent for igangsett areal og 3 prosent for areal i arbeid, men ein auke på 28 prosent for fullført areal.

Handelsflåten auka med 958 000 bruttotonn i første halvår, og var på 25,3 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen auka i 1. halvår med 842 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 8,6 mill. bruttotonn. Dette var ein nedgang på 3,8 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 1,1 mill. bruttotonn, eller 2,9 mill. bruttotonn mindre enn på same tid i fjor.

Fraktratene på verdsmarknaden har falle sterkt frå 1. halvår 1974 til same perioden i år. Fallet har vore særst sterkt for tankskip, og tankratene ligg no på eit svært lågt nivå. Ved utgangen av august i år låg 113 skip på til saman 6,4 mill. bruttotonn, eller om lag ein fjerdedel av heile den norske handelstonnasjen, i opplag. Ved utgangen av august i fjor var opplaget svært lite.

Den største einskildhendinga i samferdsla i 1975 var opninga av den nye stamflyplassen Svalbard lufthamn. Med denne

flyplassen er utvidinga av stamflyrutenettet i norsk luftfart avslutta. Alle dei luter av Noreg der det bur folk, ligg no innanfor ein dags reise frå dei viktigaste sentra i landet.

Det gjekk for seg ei etter måten stor forskyving i fordelinga av persontrafikken på dei ulike transportmidla i 1974. Trafikken ved Noregs Statsbaner gjekk opp med 15 prosent til eit nivå som ikkje har vore registrert før i fredstid. Flyrutetrafikken, som har auka sterkt gjennom mange år, gjekk noko attende i fjor. Personbiltrafikken hadde berre ein veik auke i høve til tidlegare år. Den viktigaste grunnen til denne omfordelinga av persontrafikk frå fly og bil til jernbane var den sterke auken i prisen på mineraloljeprodukt i slutten av 1973 og førstninga av 1974. Også på godssida auka Noregs Statsbaner sitt transportarbeid monaleg meir enn dei andre transportmidla.

Etter oppgåver for første halvår 1975 ser det ut til at biltrafikken no aukar om lag like sterkt som i åra før energikrisa. Også flyrute-trafikken har teke seg opp. Jernbanen har om lag halde oppe det nivået for person- og gods-trafikk som vart oppnådd i 1974.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1974 på 75 900 km. Dette er 1 100 km meir enn året før. Om lag 32 000 km offentleg veg har fast dekke eller oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 90 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på 8 tonn, og på vel 6 prosent av riksvegane er 10 tonn akseltrykk tilate. Nye ferjer og ferjesamband og forsterking av bruer på hovedrutene har knytt vegnettet betre saman. Sortlandsbrua vart opna i sommar. Store delar av Vesterålen har no ferjefritt samband med fastlandet. Etter at den nye riksvegen på austsida av Lyngen er fullført i slutten av 1974, står det no att berre to ferjesamband i stamvegen E6 og riksveg 6 frå Sør-Noreg til Kirkenes.

I 1974 passerte det samla talet på bilar i Noreg ein million, og var ved utgangen av året 1 043 500, 5 prosent fleire enn året før. Bilparken har dei siste 5 åra auka med ein tredjedel. Biltettleiken er framleis størst i fylka på Austlandet, men han jamnar seg stadig ut landsdelane imellom.

Vegtrafikken har auka sterkt i mange år, men i 1974 steig han med berre 2,5 prosent. Gjennomsnittet for åra 1970—74 låg på ca. 6 prosent. Etter førebels oppgåver ser det ut til at trafikken i 1975 på nytt vil auke meir enn i 1974.

Talet på skadde og drepne menneske i trafikken auka sterkt opp til 1970. Seinare har tala for skadde og drepne vist ein veik nedgang, trass i at biltrafikken har stige. Nedgangen i talet på drepne og alvorleg skadde har halde fram i første del av 1975.

Ferjetrafikken blir driven med 248 fartøy med ein samla kapasitet på 5 687 personbilar. Det vart frakta 5,4 prosent fleire bilar og 3,2 prosent fleire personar i 1974 enn året før.

Arbeidet med å effektivisere kyst- og lokalferdsla held fram. I alt 23 snøggåtar trafikkerer no norskekysten. Rutene til sjøs er stort sett haldne oppe i same omfang som før.

Talet på passasjerar som reiste med Noregs Statsbaner kom i fjor opp i nærmare 33 millionar, over 3 millionar fleire enn i 1973. Persontrafikken auka på alle transportavstandar. Særleg sterkt steig han på dei lengre avstandane, men også nærtrafikken med jernbane auka mykje. Jernbanen har generelt forbetra sitt reisetilbod gjennom dei seinare åra. Godstransporten på jernbanen (utanom malm på Ofotbanen) auka med nærmare 9 prosent og er det største transportarbeid Noregs Statsbaner noko år har utført. Denne utviklinga har vesentleg samanheng med gode konjunkturar og ei gunstig prisutvikling for Noregs Statsbaner på transportmarknaden etter oljekrisa. Dessutan er transporttilbodet stadig blitt betre. Malmtransportane på Ofotbanen gjekk litt attende i 1974.

Ny stamruteflyplass vart opna i Hauge-sund i april og på Svalbard i september. Dermed er etableringa av nye stamruteplassar fullført etter dei planane ein har i dag. Kortbaneplassen på Anda i Nordfjord vart opna i juli. Både Anda og Framneslia flyplass i Narvik er knytte til kortbanenettet. Noreg har etter dette 21 stamflyplassar, 18 kortbaneflyplassar, og 2 helikopterplassar med regelbundne rutestopp.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1974 komen opp i 33,9 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 88,4 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefonsentralar. Av den samla innanlandske rikstelefontrafikken vart ca. 71 prosent avvikla automatisk i 1974. Det var ein auke på 29 300 hovudabonnentar og 47 500 apparat. Mottekne tingingar på nye hovudabonnement gjekk ned med 3 prosent. Ventelista ved utgangen av året var på ca. 36 000 abonnentar. Det har vore auke i alle trafikkgreiner i Televerket i 1974, bortsett frå telegramtrafikken, som går ned frå år til år. Det siste private telefonanlegget vart innløyst av Televerket i 1974.

Postverket ekspederte over 1,1 milliard sendingar i 1974. Dette var ein auke på 2,4 prosent frå 1973. Utbygginga av landpostbodtenesta har halde fram, og i samband med det er det nedlagt poststader som har fått mindre å seie for posttenesta for folk i området. Talet på poststader er no nede i 3 118.

K o n s u m p r i s i n d e k s e n l å g i g j e n-

nomsnitt for dei åtte første månadene 11,7 prosent høgre enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 5,3 prosent.

Engrosprisindeksen lå i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 10,8 prosent høgre enn i tilsvarende periode året før.

Dei private inntektene har auka ein god del sterkare frå 1974 til 1975 enn frå 1973 til 1974. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Regjeringa og hovudorganisasjonane i arbeidslivet har nådd fram til semje om eit kombinert indeksoppgjer. Etter oppgjeret får lønnstakarane eit kontanttillegg som svarer til 30 prosent kompensasjon for prisstigninga frå 15. november 1974 til 15. september 1975. Jordbruket vil få eit tilsvarende inntektstillegg. Som ein del av oppgjeret føreslår og gjennomfører Regjeringa ei rekkje tiltak: Skattetrekket skal etter framlegget reduserast med 1 prosent av inntektene frå 1. november 1975 til 1. mai 1976. Barnetrygda vil bli heva med gjennomsnittleg 13 prosent frå 1. november. Det skal setjast inn subsidiar på mjølk og ost fram til 1. mai 1976. Regjeringa har sett i verk prisstopp med verknad frå 1. september og ut året. Det er gjort framlegg om ei rekkje tiltak som direkte vil hjelpe til å sikre sysselsetjinga i verksemdene.

Det private forbruket steig etter måten sterkt frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år, og for 1975 under eitt reknar ein med ei stigning frå året før på om lag 6 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal auke med 7,6 prosent frå 1974 til 1975. Held ein investeringane i sjøfart og i oljeutvinning m. m. utanfor, reknar ein med ein vekst på 6,1 prosent i bruttoinvesteringane. Dette er ein litt mindre vekst enn året før, da bruttoinvesteringane utanom sjøfart og oljeutvinning m. m. steig med 6,8 prosent.

Kredittpolitikken for 1975 tok sikte på ein mykje større samla innanlandsk kreditttilførsel til næringslivet, kommunar og privatpersonar enn i 1974. Ein rekna derimot med at kapitaltilførselen frå utlandet skulle bli om lag som året før. Rammene for kreditttilførselen har seinare vorte utvida sterkt, i første rekkje for å gi rom for lån til oljeverksemda og til ekstraordinær lagerfinansiering. Utlån frå bankane har hittil i år auka mindre enn det ein hadde rekna med, medan den utanlandske kreditttilførselen truleg vil nå opp i rundt 12 milliardar kroner. Likviditeten i bankane, som først på året var heller stram, auka kraftig utover sommaren, både som følgje av oppheving av primærreservekrava og transaksjonane til det offentlege. Letten i lik-

viditetspolitikken tok sikte på at bankane skulle kunne oppfylle utlånsmåla.

Finanspolitikken førte i dei tre første kvartala av 1975 til ein moderat netto tilgang på likvidar til publikum, mot ei netto inndraging av likvidar i same tidsrom året før.

Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med nesten 23 prosent frå 1. halvår 1974 til 1. halvår 1975, medan overføringane auka med nesten 26 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånetransaksjonar var i første halvår 1975 20,9 milliardar kroner. I same tidsrom utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 9,3 milliardar kroner. Folketrygdfondet med arbeidsmarknadsfondet var ved utgangen av 1. halvår på 10,8 milliardar kroner.

Stortinget vedtok 29. april å gi fullmakt til å ta opp nye statslån i utlandet og å garantere for andre norske låneopptak i utlandet til ein sum som motsvarer til saman inntil 5 000 mill. kroner. Fullmakta til å garantere for andre låneopptak i utlandet er avgrensa til ein sum som motsvarer 1 000 mill. kroner og går ut 31. desember 1975. Det er med heimel i dette vedtaket stelt statsgaranti for andre norske låneopptak i utlandet for til saman ca. 545 mill. kroner. Pr. 15. september 1975 er det teke opp nye statslån i utlandet som motsvarer ca. 2 700 mill. kroner.

Stortinget gjorde 12. juni vedtak om å opprette ei garantiordning til trygd mot tap som følgje av endringar i valutakursane. Garanti-ramma under denne ordninga er fastsett til 3 000 mill. kroner. Ordninga tok til å gjelde 13. august.

Aktiviteten i kommunane er framleis høg. Særleg blir det sett sterke krav til kommunane om å byggje ut undervisning, helsestell, eldre- og uføreomsorg, vassforsyning og bustad- og miljøvern. Dei kommunale budsjetta er framleis stramme. Gjennom auka overføringar til kommunane er det teke skritt til å lette stoda for dei.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1974 tilsegn om lån og garantiar for 643 mill. kroner, tilsegn om investeringstilskott med 259 mill. kroner og tilsegn om tilskott til flytting og opplæring med 28,9 mill. kroner. I alt vart det i 1974 gitt tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond med 933 mill. kroner mot 756 mill. kroner i 1973. Talet for 1. halvår 1975 var ca. 430 mill. kroner, av dei ca. 113 mill. kroner i investeringstilskott. I 1974 vart det gitt tilsegn om tilskott for 44 mill. kroner til kommunale utbyggingstiltak. I 1. halvår 1975 er det gitt tilsegn om tilskott for ca. 36 mill. kroner.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har no 12 industrivekstanlegg. I alt var det til

midt i september 1975 reist 36 bygg med eit samla golvareal på 116 200 m². Dei verksemdene som har flytta inn, hadde om lag 2 250 sysselsette (medrekna dei sysselsette på Akergruppen sine egne anlegg i Verdal).

Etter at reglane for utbetaling av regional transportstøtte vart reviderte, har den utbetalte stønaden stige frå om lag 11 mill. kroner i 1973/74 til om lag 25 mill. kroner i 1974/75.

Arbeidet med tiltak mot ureining er ført vidare og det er lagt fram eit 15-års program for opprydding og sanering av kommunale avløpstilhøve. Omfattande investeringar er påbegynte i den kommunale sektoren og i eldre industriverksemdar.

Saker om kommunale utslepp er overførte frå Statens ureiningsstilsyn til fylkesmennene.

Det er gjort avtaler om skjergardspark på Sørlandet på om lag 11 000 da.

Arbeidet med landsoversyn over område som bør fredast eller vernast av omsyn til forskning og undervisning er ført vidare.

Det er hittil godkjent i alt 18 generalplanar, 4 delgeneralplanar og 5 regionplanar.

Bygningsfredingslova frå 3. desember 1920 er endra slik at det no er høve til også å frede hussamlingar, bygningsmiljø og område rundt fredingsobjekta. Hundreårsgrensa for høve til å frede verneverdige bygningar er oppheva, og det skal vera høve til å frede kyrkjer.

Arkitekturvernåret 1975 har hatt brei oppslutning over heile landet.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå 1. januar 1975 auka frå kr. 9 700 til kr. 10 400 og vidare til kr. 11 000 frå 1. mai 1975. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet for året 1975 utgjer kr. 10 800. Som følgje av desse tillegga auka også særtillegget, som dessutan med verknad frå 1. januar 1975 vart auka frå 17 til 18 prosent av grunnbeløpet for ugift pensjonist og pensjonist med ektefelle som ikkje har pensjon. For desse pensjonistane utgjer særtillegget frå 1. mai 1975 kr. 1 980 mot kr. 1 649 frå 1. mai 1974. For pensjonist med ektefelle som har pensjon, vart særtillegget samstundes auka frå 16 til 16,75 prosent av grunnbeløpet.

Pensjonane etter lov om yrkesskadetrygd vart frå 1. januar 1975 auka med 27 prosent.

Lov om pensjonstrygd for sjømenn er bl. a. endra slik at alderspensjon til pensjonist under 67 år ved ei standardforbetring og regulering er auka med i alt ca. 70 prosent frå 1. juli 1975.

Ved endring i lov om pensjonstrygd for skogsarbeidarar er pensjonen frå 1. april auka med 20 prosent. Full årleg pensjon etter maksimalt 1 500 premieveker utgjer kr. 9 000 mot før kr. 7 500.

Det er sett i gang ei rekkje prosjekt for å gi betre kunnskapsgrunnlag for utforminga av

sosialpolitikken. Utgreiing og forskning er teke meir systematisk i bruk for å planleggje tiltak og å avdekkje forhold som aukar risikoen for sosiale og helsemessige problem. Blant anna blir det no arbeidd med å følgje opp utgreiinga om dei sosiale og helsemessige konsekvensar av petroleumsverksemda.

Utbygginga av sjukehusa held fram. Utbygging av sjukeheimar blir framleis prioritert. I samarbeid med sjukehuseigarane og andre interesserte instansar er det gjort tiltak som tek sikte på å leggje tilhøva til rette for ei betre ressursutnytting gjennom betre planlegging og betre driftsforhold i sjukehussektoren.

Innan det psykiske helsevernet og helsevernet for psykisk utviklingshemma freistar ein å leggje tilhøva til rette for større bruk av ressursane i utettervend verksemd, m. a. med sikte på å behandle pasientane i lokalmiljøet utan institusjonsinnlegging. Det blir lagt auka vekt på å byggje ut ettervernet.

I samsvar med stortingsvedtak om behandling av revmatikarar og psoriasispatientar i utlandet er det slutført tingingar med Jugoslavia og Romania, og dei første pasientane vil få behandling der i nær framtid.

Ny lov om svangerskapsavbrot vart vedteken av Stortinget 22. mai 1975, og det blir teke sikte på å setje lova i kraft frå 1. januar 1976.

Det er satsa på å gi pasientar, legar og anna medisinsk personell auka offentleg informasjon om legemiddel.

Nordisk legemiddelnemnd vart oppretta 1. januar 1975. Fleire samarbeidsspørsmål på legemiddelområdet er tekne opp på nordisk basis, bl. a. vil dei nordiske landa koordinere innsatsen i det europeiske farmakopesamarbeidet i regi av Europarådet.

Personellsituasjonen i den offentlege tannhelsetenesta er framleis stort sett tilfredsstillande, og det er god tilgang på søkjarar til ledige distriktstannlegestillingar i alle delar av landet der det er innført folketannrøkt.

Innsatsen når det gjeld førebyggjande tannhelsearbeid synest å utvikle seg i positiv retning.

Verksemda ved eit nordisk institutt som er etablert i Oslo for prøving av materialer til bruk i tannhelsetenesta i dei nordiske landa, er komen i gang i samsvar med avtale.

Det er god søkning til ledige offentlege legestillingar, slik at personellsituasjonen i den offentlege legetenesta må seiast å vere tilfredsstillande.

Det blir arbeidd vidare med å utbyggje helsearbeidet mellom barn og gravide på grunnlag av lov om helsestasjonar og helsetiltak blant barn.

Arbeidet med kontroll og førebygging av

smittsame sjukdomar og med kartlegging av ureining i miljøet vårt held fram.

Lov om restriktive tiltak ved omsetjing av tobakksvarer, med føresegner, har teke til å gjelde.

Det blir arbeidd vidare med å styrkje næringsmiddelkontrollen og næringsmiddelovgivinga.

Ved utgangen av 1974 var heimsjukepleie etter Sosialdepartementets retningsliner frå 1. januar 1972, innført i 348 av kommunane i landet. Utbygginga held fram.

I fylka Akershus og Nordland vil det bli sett i gang prøveprosjekt for intern opplæring i helsesektoren med sikte på å styrkje kvaliteten av helsetenesta.

Ny helsesøsterskole med ein kapasitet på 20 studentar i året vart opna i Tromsø i haust.

Utgreiingsarbeidet i samband med organisering og utbygging av sjukepleietenesta i og utanfor institusjon føregår i samsvar med dei retningsliner som er dregne opp i stortingsmeldinga om sjukehusutbygging m. m. i eit regionalisert helsestell.

Det vart i 1974 uteksaminert 1 429 sjukepleiarar, 60 vernepleiarar og 2 177 hjelpepleiarar.

Arbeidet med attføring og busetjing av omstreifarar og bustadlause personar med sosiale tilpassingsproblem held fram. Det same gjeld arbeidet med tiltak for å betre kåra for dei norske sigøynarane i samsvar med retningslinene i stortingsmelding nr. 37 (1972–73).

Ved utgangen av 1973 var det 9 424 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse barna var 5 475 under omsorg, og av desse 2 934 i fosterheimar og resten i institusjonar.

Arbeidet med å utvikle fosterheimsarbeidet held fram. Det er no eigen kuratorstilling knytt til fosterheimssentralane i 10 fylke.

Det blir arbeidd vidare med å styrkje barnevernsinstitusjonane, både økonomisk og fagleg.

Innsatsen i det førebyggjande barne- og ungdomsvernet aukar. Dette gjeld både informasjonsarbeidet, bl. a. faglig hjelp til kommunane, og auka stimuleringstilskott, særleg med sikte på førebyggjande fritidstilbod i kommunal regi.

Alt i alt har det vore ei positiv utvikling i eldreomsorga, med ei aukande prioritering av spesielle tiltak for eldre. Dei eldre, 67 år og over, utgjer i 1975 11,7 prosent av folket, og ein reknar med at denne prosentdelen vil auke i åra framover. Det blir stadig arbeidd vidare med å byggje ut tiltak for eldre i deira eigen heim. Heimehjelp er no innført i praktisk talt alle kommunar, og heimesjukepleie i 348 av kommunane.

Det er framleis stort behov for nye sjukeheimplassar. Det blir bygd etter måten få nye aldersheimar, men somme stader har det vore bygd mellomformer mellom aldersheimar og aldersbustader. Husbanken kan yte lån til bygging av aldersheimar.

Frå 1973 til 1974 har det vore ei stiging i det registrerte alkoholkonsumet med 6,3 prosent. Stiginga har vore størst for brennevin med 10,1 prosent, medan det for vin har vore 7,5 prosent og for øl 2,5 prosent. Holdningskampanjen mot alkohol og andre rusgifter i regi av Statens edruskapsdirektorat har intensivert sine tiltak dette året.

Utbygging, modernisering og betring av alkoholistinstitusjonar held fram. For 1976 reknar ein med å få ferdige 365 nye institusjonsplassar for alkoholskadde. I 1975 blir bl. a. 3 nye verneheimar opna, 2 verneheimar får utvida talet på plassar i tillegg til at det blir sett i stand nye avrusingsplassar.

Hjelpeordningane for heimane har i 1974 omfatta heimehjelp for eldre, funksjonshemma og andre, husmorvikarverksemda, og anna hjelpeverksemd til heimar som er i ein vanskelig situasjon. Innanfor hjelpeordningane arbeidde det i alt 30 600 personar, eller ca. 2 000 fleire enn året før. 107 500 heimar fekk hjelp. Hjelpeordningane er innførte i nesten alle kommunane i landet.

335 kommunar fekk tilskott med i alt 8,5 mill. kroner til landbruksvikarverksemd i 1974. Dette var 12 kommunar fleire enn i 1973. Det var i alt tilsett 410 landbruksvikarar.

I fjor var det knapt 75 000 brukarar som nytta seg av ferieordninga for jordbruket. Dette tilsvare ca. 93 prosent av alle som har rett til tilskott. For 1974 var tilskottet kr. 100 for dagen, medan det for 1975 er auka til kr. 120 for dagen. Det blir i høgda gitt tilskott til 12 dagars ferie. I alt vart det utbetalt 75,6 mill. kroner i ferietilskott.

Ved utgangen av 1974 var 26 500 barnehageplassar i drift. Dette er 3 500 fleire plassar enn året før, men likevel ein mindre auke enn venta. Utbyggingstakten blir fastlagd av kommunane. Frå og med 1975 er tilskottssystemet for driftstilskott lagt om. Tilskottet er auka, og det vil bli lettare å tilpasse barnehagane etter dei lokale ynske og behov.

1. juli 1973 starta utbygginga av det lokale forbrukarapparatet med eitt forbrukar- og heimstellkontor i kvart fylke. Pr. 1. september 1975 var 13 lokalkontor i drift.

Forbrukarombodsmannen har ein stadig aukande pågang av saker. I 1974 hadde han 1 700 saker til førehaving, medan ein i år reknar med ca. 2 500 saker. Forbrukarombodsmannen legg stor vekt på rettleingsverksemd og har utarbeidd særskilde rettleingar om

marknadsføring på visse område som slanke-kost og postordresal.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjett i 1975 er om lag 11,2 milliardar kroner.

I kyrkja er det 1 078 prestar forutan felt-prestane. Det er framleis liten tilgang på teologar og få søkjarar til prestestillingar. Talet på kateketstillingar er kome opp i 38. Det er tilsett diakonikonsulent i alle bispedømme.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1975–76 er om lag 815 000.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 650 000. Av desse går 63 000 i gymnas- set.

9-årig grunnskole er innført i alle kommunar. Den nye mønsterplanen er teken i bruk på alle klasseteg i grunnskolen.

I spesialskolane er det om lag 3 500 elevar. Forsøk med førskoletilbod for funksjonshemma born held fram.

Til examen artium melde det seg i år 16 700, og til eksamen ved økonomisk gymnas noko over 1 700 eksaminandar. I alt svarer dette til 29,8 prosent av årskullet.

Privatskolane har om lag 12 250 elevar. Det er 250 fleire enn i fjor. 7 700 elevar høyrer til dei private yrkesskolane.

Folkehøgskolane har 7 500 elevar.

Lærer- og faglærarskolane har 10 800 heil- tidsstudentar. Av desse er om lag 7 500 i van- leg pedagogisk høgskole, 1 300 i høgskole for faglærarar, og 2 000 er studentar i pedagogisk høgskole for førskolelærarar.

I vår vart det uteksaminert om lag 2 540 nye lærarar, 750 førskolelærarar og 1 000 fag- lærarar. 2 200 har skaffa seg vidareutdanning, og 12 300 har vore med på etterutdannings- kurs av ymse slag.

Tilgangen på kvalifiserte lærarar i grunn- skolen er blitt betre.

I kommunale og fylkeskommunale yrkessko- lar under Kyrkje- og undervisningsdeparte- mentet er det om lag 58 000 heilårselevar. Etter at mange søkjarar vart avviste ved inn- taket til dei ordinære klassane, vart det sett i gang om lag 40 ekstraklassar for i nokon mon å råde bot på den arbeidsløysa blant un- domen som er venta denne vinteren.

I haust vil det bli sett i gang opplæring for yrkessjåførar som treng køyrekort av klasse 2. Det skjer ved desse yrkesskolane: Blakstad, Kristiansund, Stjørdal, Hadsel og Alta. Saman med den vaksenopplæringa som er i gang frå før, blir kapasiteten til å byrje med ca. 700 kandidatar pr. år.

Yrkesopplæring for innsette i fengsel har frå før vore i gang to stader. Slik opplæring blir no sett i gang i 3 anstaltar til, som ein del av det fylkeskommunale tilbodet om vi- daregåande opplæring.

Den nye fiskarfagskolen på Aukra er teken i bruk. Ny fiskarfagskole i Austevoll er under bygging. Drifta av dei 5 fiskarfagskolane vil etter kvart bli ført over frå staten til fylka. I dette skoleåret er det eit samarbeid om drifta mellom to av fylka og staten med sikte på full overføring i 1976.

Lærlingelova gjeld i 136 kommunar. I indu- strifag vart det utferda 3 223 fagbrev i 1974 mot 2 861 året før. I handverksfag har talet på fag- eller sveinebrev gått ned frå 1 637 i 1973 til 1 595 i 1974.

Reising av nye undervisningsbygg held fram. Ved utgangen av juli månad var det om lag 540 000 m² skolebygg i arbeid. Til ny- bygg for yrkesliner i den vidaregåande opp- læringa er det gitt omframnt statstilskott med 25 mill. kroner.

Vaksenopplæringa har auka i tida etter siste melding både når det gjeld verksemda i opp- lysningsorganisasjonane og undervisning for vaksne knytt til skoleverket. Yrkesopplæringa for vaksne som lekk i arbeidsmarknadspolitik- ken har halde fram i samarbeid med Arbeids- direktoratet.

Opplysningsorganisasjonane åleine har re- gistrert ca. 480 000 deltakarar i ulike opp- lærings- og studietiltak. I vaksenopplæring i grunnskolen og i vidaregåande skole har det vore med over 15 000 deltakarar, og når ein reknar yrkesopplæringa for vaksne med, kjem ein godt over ein halv million deltakarar. I til- legg til dette kjem det òg ei rekkje tiltak som går over dei ordinære skolebudsjetta, både førstegongsutdanning og etterutdanningskurs.

Det har vore lagt vekt på å få i gang opp- læring for vaksne som har særlege vanskar, dei som ikkje har grunnleggjande elementær- utdanning, tiltak for funksjonshemma, under- visning av sigøynarar og utvida opplæring for innvandrarar.

Norsk vaksenpedagogisk institutt er no un- der oppbygging. Instituttet kan gjere sitt til å utvikle vaksenopplæringa framover.

Studenttalet ved universitet og høgskolar, medrekna distriktshøgskolane, er i haust om lag 45 000. Talet på norske studentar i utlan- det er noko lågare enn i fjor, om lag 2 600.

Ved distriktshøgskolane auka talet på heil- tidsstudentar frå ikring 2 900 i 1974 til kring 3 400 hausten 1975. Ved Sogn og Fjordane distriktshøgskole kom undervisninga i gang med om lag 40 studentar, og ved dei fleste av dei 6 distriktshøgskolane som har vore i drift i prøveperioden, vart òg studentalet og under- visningstilbodet utvida i 1975.

Utbygginga av universiteta i Bergen, Trond- heim og Tromsø går vidare. I Trondheim og Tromsø er planane for rask auke av student- talet i provisoriske lokale gjennomførte, og dei tek no til med å reise permanente bygg.

1975. 2. okt. — Åpning av det 120. ordentlige Storting

I Bergen er reising av realfagbygget i gang.

I Trondheim er det sett i gang utdanning i klinisk medisin for studentar som har preklinisk utdanning frå Bergen, og i høgre sosionomutdanning. Noregs tekniske høgskole tek i bruk eit nytt bygg for Bygningsingenør-avdelinga. Noregs handelshøgskole har fått større lokale og utvida kapasitet. For Universitetet i Oslo blir studenttalet halde på om lag uendra nivå. Reising av nytt bygg for preklinisk medisin er sett i gang.

Pr. 30. juni har 1 267 879 løyst radiolisens og 1 028 256 fjernsynslisens, av desse galdt 155 881 fargefjernsyn.

Det blir no gitt stipend til 324 kunstnarar over statsbudsjettet. Blant desse er 26 livsvarige kunstnarløner, 100 treårige arbeidsstipend à kr. 24 000 og 124 stipend til eldre, fortente kunstnarar.

Dei statsstødde teatra gav i 1974 om lag 4 500 framsyningar med eit samla publikumsbesøk på om lag 1 350 000. Kinoane i Noreg hadde i 1974 eit besøk på 17,3 millionar. Norske musé hadde i 1974 eit samla besøk på 2,8 millionar. Frå 1975 er det gjennomført ei ny tilskottsordning for muséa.

Samla utlån i folkebiblioteka, fylkesbiblioteka og skolebiblioteka var i 1974 om lag 19 millionar band.

I 1974 vart det teke i bruk 16 nye samfunns- hus, 3 idrettsshaller, 37 symjehaller og ei rad utandørs idrettsanlegg med stønad frå tippemidlane. Den delen av tippeoverskottet som fall på idretten, var 38,7 millionar kroner.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 120. ordentlige Storting, som i dag er åpnet av Deres Majestet, er det tredje i denne valgperiode.

Trontalen gir et bilde av de mange og store saker som Stortinget vil få seg forelagt, og i tillegg kommer de mange saker som ikke ble behandlet av det forrige Storting. Representantene går inn i en ny samling som vil stille store krav til arbeidsinnsats og evne og vilje til samarbeid.

Ved Stortingets åpning i dag kan vi — for første gang etter den andre verdenskrigens

opphør — konstatere at det ikke er åpen krig mellom noen nasjoner i verden. Det er vi glad for. Vi er også glad for at arbeidet for avspenning i Europa er nådd et nytt skritt framover gjennom erklæringen ved avslutningen av den europeiske sikkerhetskonferansen. Men vi må dessverre også i år erkjenne at vold, urett, ufrihet og nød preger vår verden. I dyp sorg og med beklagelse har vi for få dager siden igjen blitt minnet om dette ved henrettelsene i Spania — sorg over de døde og beklagelse over at en verdens appeller om humanitet ikke ble fulgt.

Det er store oppgaver for et land som Norge i arbeidet for avspenning, fred og mellomfolkelig forståelse. Kongen og hans råd vil i dette arbeidet kunne regne med Stortingets fulle støtte og medvirkning.

De oppgaver Stortinget vil få seg forelagt til løsning er mange, og de spenner over et vidt felt. Mange av sakene er en videreføring av arbeidet med å bygge vårt land, andre er nye og sprunget ut av nye behov og av samfunnsutviklingen. Arbeidet med løsningen av oppgavene vil bli vurdert forskjellig av representantene, og meningene om hvordan de skal løses, vil være ulike. Det er naturlig i et politisk demokrati. Men den felles vilje til å finne løsninger som skal gjøre Norge til et bedre samfunn, har vi alle.

Stortingets arbeid er ansvarsfullt, og vi deler Deres Majestets ønske om at vår gjerning må bli til gagn for fedrelandet.

I håp om at dette vil skje, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.40.